



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for oppvekst
Stad:	Myrsnipa barnehage
Dato:	14.09.2016
Tid:	14:30 – 16:30

Medlemer som møtte:

Birgitte Sævik Pedersen	Leder	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Jarle Digernes	Medlem	AP
Paul Johan Remøy	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Rakel Anett Gjelseth	NESTL	AP
Jan Arve Drabløs	MEDL	H
Oddmund Voldsund	MEDL	H

Varamedlemer som møtte:

Marthe Vågsholm Sævik	Jan Arve Drabløs	H
Jon Edvard Myrvågnes	Oddmund Voldsund	H

Andre: Olga Eggesbø, PPT
Kirstin Pedersen, PPT
Hilde Hestås, skuleavdelinga
Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug
Styrar Myrsnipa barnehage Reidun Myrvågnes
Ann Jorun Hammervold, tillitsvalt førskulelærarane i Leikanger, Moltu og Myrsnipa barnehage

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Jarle Digernes og Paul Johan Remøy

Orientering/drøfting:

Deltakarane frå skuleavdelinga og PPT orienterte om «Plan for førebygging og handtering av mobbing» tidlegare «Plan for handtering av mobbing» og «Beredskapsplan mot mobbing»

og svarte på spørsmål.

Komite for oppvekst ser positivt på dette viktige arbeidet. Komiteen legg vekt på viktigheita av at foreldre får informasjon om planen og beredskapsteamet kvar haust og på alle klassetrinn.

Det vart stilt spørsmål om planen berre skal vere for skulen, eller om barnehagen og tiltak også der bør takast med. Likeeins vart det stilt spørsmål om beredskapsteamet kan nyttast som ressurs av frivillige lag og organisasjonar som t.d. idrettslag. Det var også peikt på viktigheita av at foreldre kan nytte teamet dersom det er behov for det.

Styrrar ved Myrsnipa barnehage hadde eit interessant innlegg om arbeidet i barnehagen og rammebetingelsane.

Deretter var det omvisning i lokalet.

underskrifter

Jarle Digernes

Birgitte Sævik Pedersen

Paul Johan Remøy

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 31/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 32/16	Protokoll frå førre møte
PS 33/16	Referatsaker
	Referatsaker
RS 13/16	Dialog/synfaring Myrsnipa barnehage
RS 14/16	Varsel om oppstart av planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2.

Orientering/drøfting:

Revisjon av Plan for førebygging og handtering av mobbing
Etablering av rutinar for Beredskapsteam mot mobbing

PS 31/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 32/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 33/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

MØTET SLUTT!

